



Troppå Gard v/ Arne og Wenche Pettersen

Referanser:

Dykkar:

Vår: 16/2587 - 16/20638

Saksbehandlar:

Marius Flemmen Knudsen

marius.knudsen@meland.kommune.no

Dato:

28.10.2016

Godkjenning av søknad om utsett arbeidsfrist SMIL-prosjekt beiterydding Gbnr. 12/2 Nedre Tveit

Administrativt vedtak. Saknr: 356/2016

Saksutgreiing:

Vi syner til søknad motteke 27.10.2016.

Meland kommune har motteke søknad frå Troppå gard v/ Arne og Wenche Pettersen om at fristen for å gjere ferdig SMIL-tiltak som det er løyvd midlar til vert utsett. Tiltaket gjeld beiterydding/gjerding på gnr. 12 bnr.2 på Nedre Tveit saknr. 13/783. Arbeidsfristen går ut 30.10.2016.

Vurdering:

Prosjektet er kome godt i gang, beiterydding og gjerding er utført. Men det står framleis att ein del detaljarbeid. Arbeidet har også tatt lengre tid som følgje av skader på grunn av orkanen Nina.

Søklarane har søkt om utsetting av 1 år for å gjennomføra prosjektet. Der er høve til å forlenga arbeidsfristen med 2 år fram til 20.10.2018. Kommunen vurderer det slik at den grunnen som ligger bak at arbeidet ikkje er avslutta innan fristen, må aksepterast. Det er viktig at arbeidet kan slutførast, og utsett frist vert løyvd.

Vedtak

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no

Postboks 79, 5906 Frekhaug

Besøksadr: Havnevegen 41 A

5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no

Telefon +47 56 17 10 00

Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722

Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

«Meland kommune gjev med dette Arne og Wenche Pettersen utvida frist til 30.10.2017 med å gjennomføra tiltaket som det vart løyvd pengar til i delegert vedtak, sak 13/783. Det er ingen endring i vilkåra som gjeld for gjennomføring. Kommunen syner i denne samanheng til vedtaket som vart fatta i delegert vedtak, sak 13/783.

Vedtaket har heimel i § 3 forskrift om tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket.»

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Marius Flemmen Knudsen
skog- og miljøkonsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Fylkesmannen i Hordaland

5020

BERGEN

Mottakere:

Troppå Gard v/ Arne og Wenche
Pettersen